



Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune

JUNI 2023



Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER

Det er vedteke tilskot for støtte til varmepumpe og vedomn for private bustader i Valle kommune.

Søkjarar må vere folkeregistrera i kommunen. Støtta utgjer inntil 30% for kjøp og montering av varmepumpe og vedomn. Sjå kommunen si heimeside under **tilskot til vedomn og varmepumpe**, for vilkår og informasjon om støtteordninga.

Pleie og omsorg informerer

Viktig melding om endring av telefonnummer til heimesjukepleien:

Hovudnummeret til heimesjukepleien har tidlegare vore 915 41 400. Dette nummeret er ikkje aktivt lenger så hovudnummeret for å få tak i heimesjukepleien er **482 64 364**.

Helseavdelinga informerer

Frå 26. juni til 11. august vil legekontora ved Valle og Hovden vere stengde.

Bykle legekantor vil halde ope i denne perioden.

Legekantoret kan kontaktast på vanlege telefonnummer.

Frå 1. juni 2023 startar Kristine Vedal Dåsvatn i eitt års legevikariat. Ho skal vikariere ved legekontora i Valle, Bykle og Hovden. Vi ønskjer henne velkomen til bygda!

Kultur og fritid informerer

Viktig informasjon frå bygdekinoen

Frå og med hausten endrar Bygdekinoen speledag i Valle til **måndagar** i oddetalsveker.

Første kinoframsying er måndag 28.august, tidspunkt er som tidlegare kl. 17 og 19.

Levekårutvalet har tildelt utviklingstipend innan idrett og kultur for ungdom og Valle kommune sin kulturpris.

Kulturprisen blir delt ut under Sentrumsfrukosten i Valle sentrum laurdag 24.juni.

Tildeling av

UTVIKLINGSSTIPEND INNAN IDRETT OG KULTUR FOR UNGDOM 2023

etter vedtak i Levekårutvalet 18.04.2023:

Mottakar	Beløp
Elin Uppstad Langrenn	kr 40 000
Aron Åkre Rysstad Langrenn	kr 40 000
Aleksander Straume Langrenn	kr 20 000
Liv Anne Dale Sprangriding	kr 20 000
Hauk Rysstad Langrenn	kr 15 000
Eivind Tanche-Larsen Knutsen Hardingfeie og munnharpe	kr 40 000
Johanna Tiedje Song	kr 40 000

*Valle kommune gratulerer så mykje,
og ønskjer lykke til med satsinga vidare!*



FJELLRO BLOMSTERFEST

Fjellro inviterer til blomsterfest! Under blomsterfesten vil det vere ei rekke aktivitetar du kan vere med på. Det vil vere klatring, plantebasar, grilling og litt musikk.

Blomsterfesten vil finne sted på Fjellro (Hovet), lørdag 03.06.2023. Den er åpen fra kl.15-18.



Setesdal Sogelag vil skipe til desse flotte turane i sommar:

- 5.-6. juli: tur til Storhedderen i Bykle, med overnatting på Sloaros. I samarbeid med Viking og Villrein. Påmelding før 6.juni: tlf 91560215 eller unn@hovden.com
- 29. juli: tur til Rustfjødd i Bygland, 1055 moh, oppmøte på Ose. Losar er Gunnar D Ose og Harald Moe. Krevjande tur i bratt terreng, ca 12 km.
- 12. august: tur til Svorvaren i Valle, 1377 moh. Los er Hugo Homme. Krevjande tur, ca 17 km.

Meir detaljert info kjem i juli-nummeret, på Facebook-sida vår og i Setesdølen etter kvart.



Setesdal sogelag ynskjer alle velkomne til skiltavduking og ljusbiletetekåseri på Byglandsfjord stasjon laurdag 10. juni kl. 11. Stasjonen var eit viktig knutepunkt for hylstringar og valldølar på byferd heilt frå 1896 og så lenge Setesdalsbanen var i drift, fram til 1962.

Sauesjå MARKNADEN

— Valle i Setesdal —

Hjarteleg velkomne til Sauesjåmarknaden 2023!
Vi håpar at så mange som mogeleg vil ta turen til oss
og vere med på å gjere dette til ein vellykka marknad!

SAUESJÅMARKNADEN I VALLE

LAURDAG-SUNDAG 30.SEPT.-1.OKTOBER

VIL DU VERE UTSTILLAR, HA EIN AKTIVITET ELLER HA EIT SCENEINNSLAG?
DET BLIR OGSÅ UNG SCENE!

Påmeldingsskjema for utstillarar finn du på [fb](https://www.facebook.com/sauesjaavalle)-sida vår : «Sauesjåmarknaden i Valle»

KONTAKT OSS PÅ TLF. 938 83 405 ELLER E-POST TIL sauesjaavalle@gmail.com

SEINAST 20. SEPTEMBER!

Vi ønskjer både lokale og eksterne utstillarar hjarteleg velkomne!

OPE BIBLIOTEK FOR UNGDOMAR

ONSDAGAR KL. 16.00-18.00



PROSJEKT DENNE VÅREN: BLI MED PÅ Å LAGE TING SOM KAN BLI TIL LYDDEMPING I UNGDOMSAVDELINGA!

Valle ungdomsråd har tatt opp at det er for lite lydemping på hemsen. Vi har derfor engasjert Monica Rygnestad til å leie eit prosjekt der brukarane av ungdomshemsen lagar

lydempande utsmykking.

Dette er delvis eit gjenbruksprosjekt, der vi nyttar både gamle cd-ar og bøker til å lage lydempingar, og så har vi kjøpt inn det som elles trengst av materiell.

PS: Det er sjølv sagt heilt opp til deg om du vil vere med på dette prosjektet eller berre henge i biblioteket desse onsdagane! :-)

Systemspel



Utstillingsopning

Sylvartun 17.6 kl.14.00

Musikk og servering

Fri inngang

Setesdalsmuseet



Produsert av
Osafestivalen

21.6-13.8 ope kvar dag 11.00-17.00



Opne turar 2023

Søndag 4.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 11.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 18.juni kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 25.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 2.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 5.juli kl. 12.00	fra Bygland
Lørdag 8.juli kl. 11.00	Bygland-Ose, ikke retur
Lørdag 8.juli kl. 14.00	times tur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl. 12.00	timestur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl. 13.30	timestur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl 15.00	Ose - Bygland, Ikke retur
Onsdag 12.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 16.juli kl.12.00	fra Bygland
Søndag 23.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 26.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 30.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 2.august kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 6.august kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 13.august kl.12.00	fra Bygland
Søndag 20.august kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 27.august kl. 12.00	fra Bygland

Om turane kl.12.00 er utselde vert det om mogeleg sett opp ekstraturar kl.14.00

BILLETTPRISAR:

Familie: Kr. 750,00

Vaksne: Kr. 300,00

Born: Kr. 175,00

BOOKING OPNE TURAR:
Setesdalsmuseet


Del av Aust-Agder museum og arkiv

www.bjoren.no

Telefon : +47 995 18 203

Epost: bjoren@aama.no

Barnas fjellsommar!

Tilbodet går primært til alle barn i aldersgruppa 1.-7. klasse i Setesdal. 2023

Påmelding innan 10.06 til: 47 907 122 65 e-post: guide@brattnorge.no Ingen deltakaravgift

Program laurdag 24.06

Oppmøte i Valle sentrum kl 10.00 dersom du vil ha frukost

Målgruppe: 1.-7. klasse

Kl. 10.00 Sentrumsfrukost

Kl.10.30-12.00 Klatring i Bratt-løa for 1.-7. klasse

Kl. 12.00-13.30 Konsert med Bootlegs! (fleire av barna frå Valle kommune skal delta)

Kl.14-15.00 Speedklatrekonkurranse for 5.-7. klasse med premiering for raskaste klatrar.

Program søndag 25.06

Oppmøte ved Bratt-løa innmed Coop Prix i Valle sentrum kl 09.00

Målgruppe: 1.-7. klasse

Kl. 09.00-09.30

Nistelaging i Bratt-løa- ta med tom matboks, drikkeflaske med det du vil drikke og ein liten tursekk. Lær å lage skikkeleg turniste

Kl. 09.30-14.00

1.-4. klasse

Besøk Rygnestad gard med naturbingo og quiz.

5.-7. klasse

Topptur Einang og klatring ute på Edelsteinen



Program måndag 26.06

Oppmøte ved Bratt-løa innmed Coop Prix i Valle sentrum kl 09.00

Målgruppe: 1.-7. klasse

Kl. 09.00-09.30

Nistelaging i Bratt-løa- ta med tom matboks, drikkeflaske med det du vil drikke og ein liten tursekk. Lær å lage skikkeleg turniste

Kl. 09.30-14.00

Tur til Håhelleren. Dei som kan handtere fiskestanga si sjølv kan gjerne ta den med.

Foreldre som ønsker å bli med på turen er hjarteleg velkomne.

Program tysdag 27.06

Oppmøte ved Bratt-løa innmed Coop Prix i Valle sentrum kl 09.00

Målgruppe: 1.-7. klasse

Kl. 09.00-09.30

Frukost i Bratt-løa. Ta med drikkeflaske og tursekk



Kl. 09.30-11.30 Skattejakt etter vikingsverd på Hovet.

Kl. 12.00 Tradisjonsmat i Bratt-løa: Kompe og surmjølk

Kl. 12.30-14.00 Rapellering frå hengebrua og aktivitetar i tuftparken saman med alle guidane

Informasjon (gjeld alle dagane):

- Kle dykk etter veret, hugs solkrem
- Bratt friluftsliv og Bratt ung kjem til å ta bilete undervegs til bruk i sosiale media. Setesdølen kjem truleg og. Gje beskjed ved påmelding dersom ditt barn ikkje skal vere med på bileta.



Velkomen til Valle i Setesdal!

NOMELAND BEDEHUS



VIGGO WILHELMSEN har møte på
Nomeland Bedehus

Fredag 9. juni kl 19.00

Laurdag 10. juni kl 19.00

Sundag 11. juni deltek Viggo Wilhelmsen
på gudstenesta i

Valle kyrkje kl 11.00



Kollekt
Velkomne!

Møte og dåp på Nomeland bedehus

18. juni klokka 11:00 er det møte på Nomeland
Bedehus

med Frank Rott frå IMF.

Det vert forkynning frå Guds ord og barnedåp.

Velkomen skal du vere!

KYRKJA I JUNI

Valle kyrkje:

Søndag 11.juni kl 16.00: Gudsteneste
med sokneprest Toralv Frøysaa Lie. Bar-
nedåp.

Det var 4 gudstenester i Hylestad kyrkje i
mai, så difor er det ingen der denne må-
naden.

Andakt på Heimen: Onsdag 14.juni kl
11.00.

Heimesider: Følg oss på heimesidene
våre [www. valle.kyrkja.no](http://www.valle.kyrkja.no)

Som ei prøveordning vil vi eit par gonger
i året legge ut ei liste over døypte, vigde,
konfirmantar og avlidne slik det før var i
Vegleiaeren. Dette vil vi første gong setje
inn i juliutgåva av Bygdenytt.

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid
Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrkjekontoret i Valle,

tlf. 977 84 706,

e-post: post@valle.kyrkja.no

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA

FJELLKYRKJESTEMNE I SKAFSAHEII FJELLKYRKJE

SUNDAG 18. JUNI

KL.1100 GUDSTENESTE
NISSEDALSKORET DELTEK
LAPSKAUS PÅ CAFÉ HALLBJØNN

ETTER MAT SAMLAST VI I
FJELLKYRKJA FOR Å HØYRE
NISSEDALSKORET SYNGE

HØVE TIL Å GJE EI GÅVE TIL DRIFT AV
FJELLKYRKJA.

VELKOMEN!

ARR: KYRKJA OG FJELLKYRKJELAGET



DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda



Bygdekinoen

TORSDAG 1. juni

Kl. 1700 - 9 år. Den lille havfruen



"Den lille havfruen" er historien om Ariel, en livsglad og eventyrlysten ung havfrue. Hun er den yngste og mest trassige av Kong Tritons døtre og hun lengter etter å se hva som finnes utenfor havet der hun bor. Et besøk til havoverflaten fører henne til den sjarmerende prinsen Erik, som hun faller for. Det er

forbudt for havfruer å omgås med mennesker, men Ariel følger hjertet sitt og inngår en avtale med den onde havheksa Ursula, som gir henne muligheten til å oppleve livet på land - men som også setter hennes liv, og farens trone, i fare.

Kl. 1930 - 12 år. Fast & Furious 10



Toretto-familien er tilbake i den tiende filmen i Fast & Furious-franchisen. Denne gangen bringer ferden oss gjennom Italia, Brasil, England, Portugal og Antarktis!

TORSDAG 15. juni

Kl. 1700 - . Birk & Magna - Gruvens mørke hemmelighet



Sommerens store, norske familiefilm hadde verdenspremiere under Barnefilmfestivalen i Kristiansand og endte opp med selveste publikumsprisen!

Kl. 1900 - 12 år. The Flash



Warner Bros. Pictures presenterer "The Flash", registrert av Andy Muschietti ("IT"-filmene, "Mama"). Ezra Miller vender tilbake som Barry Allen i den første solofilmen om DC-superhelten noen sinne.

**Kjøp gjerne kinobillett på www.bygdekinoen.no .
Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!
Vi har egen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt
anna snacks og drikke. Velkommen skal du vere!**

Yoga-helg ved Otra.


Alle helger i mai, juni, august og september. Med fokus på veldig enkle øvelser, pust, indre ro og kjærlighet til livet.

Det blir og fine turer i vakker natur, også på elven.

For mer informasjon: Se facebook profil til Ellen

Kva skjer?

www.valle.kommune.no/http://www.valle.kommune.no/alle.294594.nn.html

01.06 Kl. 17	 Bygdekinoen
01.06 Kl. 19	Dametrim, Hylestad gymsal
05.06 Kl. 16	Helsetrimmen
06.06 Kl.12	Tirsdager i Sæbyggjen (Babysong og song for alle)
06.06 Kl.18	Valle hundeklubb
07.06 Kl.18: 30	Ungdomsklubb
08.06 Kl. 18	Språkkafè
08.06 Kl. 15:15	Helsetrimmen v/Paolo Chessa
08.06 Kl.19	Dametrim, Hylestad gymsal
12.06 Kl.17	 Bygdekinoen
12.06 Kl. 16	Helsetrimmen
13.06 Kl. 12	Tirsdager i Sæbyggjen (Babysong og song for alle)
13.06 Kl.20	Bønemøte
14.06 Kl. 18	Juniorklubb
15.06 Kl.18	Språkkafè
15.06 Kl. 15:15	Helsetrimmen v/Paolo Chessa
15.06 Kl. 19	Dametrim, Hylestad gymsal
19.06 Kl. 20	Bønemøte
20.06 Kl. 12	Tirsdager i Sæbyggjen (Babysong og song for alle)
22.06 Kl. 18	Språkkafè
22.04 Kl. 15:15	Helsetrimmen v/Paolo Chessa
26.06 Kl. 20	Bønemøte
27.06 Kl. 12	Tirsdager i Sæbyggjen (Babysong og song for alle)
29.06 Kl. 18	Språkkafè

**Frist for innsending til Bygdenytt
for Juli og august er 25. juni.
Send til sentralbord@valle.kommune.no**